

S – sak 2 / 2005

Høyring på ”Forskrift om berekraftig skogbruk”

Sakshandsamar: Jon Olav Brunvatne

Dokumenter i saka:

Lov om skogbruk frå 27.05.2005

Høyringsbrev frå 06.07.2005

Utkast til forskrift om berekraftig skogbruk

Bakgrunn:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ”Forskrift om berekraftig skogbruk” på høyring, m.a. til Fylkesmennene og fylkeslandbruksstyrene. Bakgrunnen for forskrifta er ny lov om skogbruk (skogbrukslova), som vart vedteke av Stortinget den 27.05.2005, og som vert sett i kraft frå 01.01.2006.

Arbeidet med ny skoglov vart initiera av Stortingsmelding nr.17 Verdiskaping og miljø - muligheiter i skogsektoren. Arbeidet skulle ha som mål at den nye lova skulle innehalde klare føresegner om eit berekraftig skogbruk og om langsiktig ressursforvaltning. Ein ønskte at skogeigaren sitt ansvar for å forvalte eigne skogressursar og å ta miljøomsyn skulle stå sentralt i ei ny lov.

”Lov om skogbruk og skogvern” heimlar for ein rekkje forskrifter. Departementet har valt å samle tema knytt til miljøomsyn, forynging og tiltak mot skogskader i ei forskrift om ”Berekraftig skogbruk”

Høyringsfristen er 04.10.2005.

Fylkesmannen sin vurdering:

Konklusjon:

Fylkesmannen støttar framlegget til ”forskrift om bærekraftig skogbruk”. Fylkesmannen ser det som fornuftig å samle tema knytt til miljøomsyn, forynging og tiltak mot skogskader i ei forskrift. Ein er vidare nøgd med at ambisjonsnivået for miljøomsyn er harmonisera med den private skogsertifiseringa, og at forskrifta fangar opp dei skogeigarar som ikkje er sertifisera etter gjeldande standardar i ”Levande Skog”.

Fylkesmannen støttar óg framlegget til bestemmelsar om forynging. Ved å innføre eit minste lovlege plantetal pr dekar fangar ein opp skogeigarar som ikkje har eit bevist forhold til forynging av sine skogressursar og kor manglande forynging skuldast rein forsømming. De definera minimumskrava bør vera svært enkle å innfri, og lågare tettleik enn dette bør føre til sanksjonar. I forhold til skogbruk som ein bærekraftig, økonomisk ressurs, er det viktig å

skilje mellom tilrådd plantetal pr. dekar og minste lovlege plantetal. Som **positivt** verkemiddel i denne samanheng må ein syte for at bruk av skogavgift med skattefordel og eventuelle tilskottsordningar knyttast til tilrådd plantetal når det seinare skal fastsettast reglar og forskrifter om dette slik det er varsla i lovteksten.

Fylkesmannen har ikkje særskilte innvendingar til kapitlet som omhandlar tiltak mot skade på skog. Ein vil understreke at kommunanes oppåver i samband med ordlyden i dette kapittel må vera pålagt ved lov om ein skal von om oppfølging av dei nemnde tiltak.

Under kapittel 5 "Avsluttende føresegner" vil ein på det sterkaste tilrå at tilsyn med forskrifta når det gjeld forynging og miljøomsyn innlemmast i ei revidera utgåve av den noverande "resultatkontroll forynging og miljø". Dette vil etter Fylkesmannens syn gje det mest rasjonelle tilsyn med forskrifta på ein måte som ikkje bind kommunale ressursar i større grad enn i dag.

FRAMLEGG TIL VEDTAK I FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg til landbruksdirektørens synspunkter til høyringa på "Forskrift om berekraftig skogbruk"

ANDRE FRAMLEGG:

Gry Anette Rekanes la fram fylgjande framlegg til uttale:
Fylkeslandbruksstyret uttalar at forskrifta er for detaljregulerande og streng når det gjeld minste lovlege plantetall.

RØYSTING:

4 røyster for Gry Anette Rekanes sitt framlegg
3 Røyster for fylkesmannen sitt framlegg

VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret uttalar at forskrifta er for detaljregulerande og streng når det gjeld minste lovlege plantetall